

Kontrollrutinar – viktig for å hindre og oppdage **tjuveri** av legemiddel

Statens helsetilsyn behandlar årleg fleire tilsynssaker mot helsearbeidarar som er mistenkte for, eller som har vedgått at dei har stole legemiddel på arbeidsplassen til eige bruk. Det dreier seg om legemiddel i reseptgruppe A og B, til dømes lejemiddel som blir gitt for smerter, angst og søvnproblem. Sakena viser at verksemda somme gonger har oppdaga dette raskt, mens det i andre tilfelle har gått lang tid før arbeidsgivaren har avdekt forholdet. Dersom det har vore stole frå dosettar eller frå ferdiglaga pasientdosar på annan måte, er det stor fare for at pasientar ikkje har fått dei lejemidla dei skulle ha. Det kan få ulike konsekvensar som for eksempel därlegare smerte-lindring.

Gode rutinar for å handtere lejemiddel og god kontroll av lejemiddelbehaldninga kan hindre at helsepersonell stel tabletta og andre lejemiddel. Likevel, trass i gode rutinar og god kontroll er det helsearbeidarar som av ulike årsaker blir freista til å ta lejemiddel frå lageret eller andre behaldningar til eige bruk. Då er det viktig at verksemda raskt oppdagar det og finn fram til den som står bak, for å få ein slutt på det. Gode rutinar og god kontroll er avgjerande også for det.

Eksempel frå tilsynssaker

Leiinga ved ei avdeling på ein sjukheim oppdagade ved ein rutinekontroll av narkotikarekneskapen og lejemiddelbehaldninga at det mangla to–tre tabletta av eit sterkt smertestillande lejemiddel. Dei mistenkte at nokon hadde stole tabletta, og undersøkte det derfor nærare. Verksemda hadde elektronisk

registrering av alt tilgjenge til lejemiddellageret, og leiinga samanlikna derfor tilgangsloggen til lejemiddellageret, narkotikarekneskapen og vaktlista. Det viste seg at ein tilsett hadde vore på lejemiddellageret på alle tidspunkta då lejemidla sannsynlegvis forsvann. I tillegg hadde sjukepleia-ren vore på lageret fleire gonger utan at det var registrert ut lejemiddel i rekneskapen. Rutinekontrollen gjorde at verksemda oppdagade forholdet raskt, og kontrollen verksemda har med tilgjenge til lageret, gjorde at dei også raskt hindra nye tilsvarande saker.

I andre saker har vi sett at verksemda gjennom slike undersøkingar oppdagat at ein tilsett har vore på lageret på eit tidspunkt som ikkje var i samsvar med vaktlista, for eksempel på fritida eller i feriar. Vi har også sett eksempel på at kontrollar har avdekt at lejemiddel som er ført ut av rekneskapen, ikkje kan finnast att i pasientdokumentasjonen, og at det er oppdagat ukjende signaturar i narkotikarekneskapen.

I ei anna sak melde ein tilsett om at det mangla 50 tabletta av eit smertestillande lejemiddel på lageret. Denne verksemda førte rekneskap på dette lejemiddelet, sjølv om det ikkje høyrer til reseptgruppe A. På bakgrunn av det melde avviket undersøkte leiinga saka nærare, blant anna bestillingane frå apotek. Dette avdekte at det over litt tid var bestilt ei stor mengd av dette lejemiddelet samanlikna med perioden før, og forskjellen kunne ikkje forklarast med behova til pasientane. Hadde denne verksemda kontrollert bestillingane frå

apotek oftare, kunne forholdet kanskje ha vore oppdagat og stoppa på eit tidlegare tidspunkt.

Viktig for kvaliteten

Det er viktig for kvaliteten i helsetenesta og for tilliten til helse- og omsorgstenesta og helsepersonell generelt at verksemda gjennom gode kontrollrutinar gjer det dei kan for å hindre og avdekke tjuveri av lejemiddel.



**Gode rutinar
for å handtere
lejemiddel og
god kontroll av leje-
middelbehaldninga
kan hindre at helse-
personell stel
tabletta og andre
lejemiddel.”**

Det er viktig også for helsearbeidara som er komne i ein slik situasjon, at dei har skaffa seg lejemiddel på denne måten, at forholdet raskt blir avdekt.

Forskrifta om lejemiddelhandtering krev at verksemda har kontroll med handteringen og behaldninga av lejemiddel.

Gode kontrollrutinar

– leiinga sitt ansvar

- Sørg for å melde og undersøke avvik, og for å følgje rutinane.
- Ha god kontroll med tilgjengen til lejemiddellageret og narkotikasketet.
- Ha god kontroll med lageret: Avgrens behaldninga, og før rekneskap også på lejemiddel i gruppe B.
- Sørg for at uttak blir kontrollert ved dobbeltsignering, og ikkje berre blir signert.
- Sørg for å kontrollere bestillingar frå apotek og lejemiddel som skal kasserast / returnerast til apotek.
- Sørg for å kontrollere rekneskap, behaldning og tilgang jamleg.